

* Matimport

Yoghurtimporten **aukar** kraftig. Kvar sjuande yoghurt er nå importert og matkjeder går inn med eigne merkevarer.

Kraftig vekst i importen av yoghurt

Dei tre siste åra har importen av yoghurt vakse med vel 52 prosent og i fjor blei det importert over 7,6 millionar kilo yoghurt. Målt i verdi har importen auka med 159 prosent i same periode. Det viser tal frå Landbruksdirektoratet.

Kvar sjuande yoghurt som blir selt her i landet er nå importert. Det viser ferske tal frå marknadsanalysebyrået Nielsen.

Kjede-import av yoghurt

Blant dei ti største importørane av yoghurt finn vi både store internasjonale meierikonsern, som Danone, og norske matkjeder som Rema 1000 og Norgesgruppen. Norgesgruppen, som er landets klart største matkjede, lanserte i september i fjor ein serie med importert yoghurt under ei av kjedas eigne merkevarer (EMV), Eldorado. Dei vedgår at importen skjer i konkurranse med norskprodusert yoghurt.

– Ja, i nokre tilfelle, men grunnen til at vi har lansert vår eigen yoghurt er at vi ønskjer meir sal og større utval av meierivarer, seier kommunikasjonssjef Kine Søyland i Norgesgruppen.

Ho kallar veksten i importen av yoghurt ei naturleg utvikling, men seier bønder ikkje treng vere bekymra.

– Vi ønskjer å produsere det vi

kan i Norge. Denne importen skal vere eit supplement som vi håper skal bidra til vekst i det totale yoghurtsalet, seier ho.

Av elleve Eldorado-merka meierivarer er fem klassifisert som yoghurt. Dei blir ifølgje Søyland importert frå Belgia eller Sverige og er basert på mjølk frå dei to landa.

Rema 1000 opplyser at dei importerer yoghurt frå Ehrmann i Tyskland og Olympus i Hellas, to store globale meierikonsern.

«Gresk yoghurt har blitt svært populært i Norge og grunnet økt etterspørsel tok vi i 2014 inn Olympus yoghurt fra Hellas», skriv produktsjef Martin Spusta i Rema 1000 i ein epost.

Ifølgje Rema 1000 var deira vekst i yoghurtimporten på 11 prosent frå 2013 til 2014 målt i kilo.

Gresk yoghurt for 213 mill.

Også fleire norske meieriselskap er importørar av yoghurt. Nationen har før omtalt at Q-meieriene i fjor flytta yoghurtproduksjonen til Tyskland. Skyr, som er definert som eit osteprodukt, blir derimot laga i Norge. Synnøve Finden opplyser at dei importerer all yoghurt.

«I 2013 startet vi import av ekte gresk yoghurt, noe vi ser den norske forbrukeren har satt stor pris på», skriv kategoridirektør for meierivarer, Magnus Tollefsen, i ein epost.

Salet av deira greske yoghurt i butikk var ifølgje Tollefsen i fjor på 213 millionar kroner, ein auke på nær 50 prosent frå året før.

Ifølgje Terese Glemminge Arnesen i Opplysningskontoret for Meieriprodukter (Melk.no), som er eigd av Tine, Synnøve Finden og Q-meieriene, kjem importen av den greske yoghurten til Synnøve Finden på toppen av dei offisielle tala for import av yoghurt.

– Tapar terreng

Tine står oppført på lista over dei ti største yoghurtimportørane i 2012, men står ikkje på lista for 2013 og 2014. Ifølgje kommunikasjonssjef Olav Håland importerer ikkje Tine yoghurt i dag.

Fakta

Yoghurt-importen

* Samla blei det importert 7,64 mill. kg yoghurt i 2014, opp 52,5% frå 2011, ifølgje Landbruksdirektoratet. Samla importverdi var på 134,9 mill. kr, opp 159% frå 2011.

* Ifølgje Opplysningskontoret for Meieriprodukter (Melk.no) kjem importen av bl.a. den greske yoghurten til Synnøve Finden på toppen av dei offisielle tala for import av yoghurt.

* Tal frå marknadsanalysebyrået Nielsen Norge for dei første vekene i januar i år viser ifølgje Tine at norskprodusert yoghurt har 85,7% av salet medan importert yoghurt har 14,3% av marknaden.

* Her er dei ti største importørane av yoghurt i 2014, ifølgje Landbruksdirektoratet (i alfabetisk rekkefølge): Cheese Co AS, Danone Norge – Norsk filial av svensk aksjeselskap Danone Ab, Synnøve Finden AS, Foodicon Handelsbolag, Lindahls AS (nå Lactalis Norge AS, eigd av Skånemejerier Ab), Q-meieriene AS, Rema Trading AS (Rema 1000 AS), Unil AS (Norgesgruppen ASA), Urtehaven AS og Vatan Engros AS.

* Ifølgje Landbruksdirektoratet går det med rundt 1 liter mjølk til 1 kg yoghurt. Mjølk i 7,64 mill. kg importyoghurt utgjør dermed heile årsproduksjonen til rundt 50 norske gjennomsnittlege mjølkbruk.

* Tollen er på 3,23 kr pr kg på smakstilsett yoghurt og 8,45 kr pr kg på yoghurt naturell. Det er ikkje tollfrikvotar på yoghurt, ifølgje Landbruksdirektoratet.

«All yoghurt Tine selger blir produsert i Norge på norsk melk», skriv han i ein epost.

Overfor Nationen seier han seg bekymra for veksten i importen og seier det gjer det stadig viktigare for Tine å satse på produktutvikling og effektivisering.

«Konkurransekraften for norsk melk solgt som yoghurt er svekket, og taper terreng i forhold til importert yoghurt», skriv han.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE

bjarne.aase@nationen.no



Konkurranse: Importen av yoghurt aukar kraftig. Det skapar bekymring for Eldorado.

Hedstein: – Rom

Norske bondeigde matbedrifter er djupt bekymra for den kraftige veksten i yoghurtimporten.

– Tunge økonomiske aktørar har stor interesse av den lukrative eksporten til Norge og importen av yoghurt aukar i forrykande tempo. Veksten i importen er med på å gjere rommet for norske mjølkprodukt mindre. Denne utviklinga er vi bekymra over, sei-

er Ola Hedstein, administrerende direktør i Norsk Landbrukssamvirke, som organiserer fleire av landets største matbedrifter.

– Treng ikkje tollfrikvotar

Hedstein meiner veksten i yoghurtimporten må få følgjer for



YOGHURTKAMP

«Grunnen til at vi har lansert vår eigen yoghurt er at vi ønskjer meir sal og større utval av meierivarer.»

KINE SØYLAND, KOMMUNIKASJONSSJEF I NORGESGRUPPEN



OLA HESTHEIM, DIREKTØR I NORSK LANDBRUKSSAMVIRKE

YOGHURTIMPORT
«Tollvernet er ikkje meir effektivt enn at det renn inn med varer til full toll, utan at det er ønska.»

forhandlingsane mellom Norge og EU om tollfrie kvotar på landbruksvarer, som startar 3. februar.

– Den store veksten i yoghurtimporten viser at den norske marknaden har endra seg dura-

– Avhengige av tollvern

beleg. Vi har fått ein internasjonal matmarknad i Norge. Det er ikkje behov for auka tollfrikvotar og aktive grep for å auke handelen med EU. Importen aukar i eit forrykande tempo uansett. Tollvernet er ikkje meir effektivt enn at det renn inn med varer til full toll, utan at det er ønska. Det må politikarane ta på alvor, seier Hestheim.

Utgjer 50 mjølkbruk

Ifølgje Landbruksdirektoratet går det med rundt 1 liter mjølk til gjennomsnittet av 50 mjølkbruk. Det er avhengige av å ha eit tilstrekkeleg tollvern for å ta vare på norske mjølkproduksjon, seier Hestheim. – Vi er avhengige av å ha eit tilstrekkeleg tollvern for å ta vare på norske mjølkproduksjon, seier Hestheim. – Vi er avhengige av å ha eit tilstrekkeleg tollvern for å ta vare på norske mjølkproduksjon, seier Hestheim.

et for norske mjølkprodukt blir mindre

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN

